

DNT Sogn og Fjordane



Naturvernforbundet

Sogn og Fjordane



NJFF
Sogn og Fjordane

Bergen og Hordaland Turlag



Naturvernforbundet

Hordaland



NJFF
Hordaland



avdeling
Sogn og Fjordane



avdeling
Hordaland

Vestland Fylkeskommune

post@vlfk.no

Førde og Bergen, 30. juni 2025

Dette brevet er sendt på vegne av Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, BirdLife Norge avd. Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Bergen og Hordaland Turlag (DNT), BirdLife Norge avd. Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, DNT Sogn og Fjordane,

Planprogram og hovudutfordringar for vassforvaltningsplan 2028–2033

Høyringsfråsegn frå Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Innspel til planprogram og hovudutfordringar

Vi vil først takke for høvet til å kome med innspel til planprogrammet og dei tilhøyrande hovudutfordringane. Desse dokumenta påverkar verksemda vår i stor grad, då miljøet og kvaliteten i vatnet er avgjerande for aktiviteten vår. Vi har eit ansvar for å ta vare på dei goda vatnet gir oss, i tillegg til at naturen har ein eigenverdi som må vernast.

Hovudinstrykket vårt er at planprogrammet og hovudutfordringane er godt skildra. Vi vil kommentere enkelte element, men har særleg fokus på korleis vi kan bli kopla på i det vidare arbeidet med sjølve planen. Våre organisasjonar har mykje å bidra med innan vassdragsforvaltning, og vi ønskjer å støtte opp om det vidare arbeidet.

Vi må likevel ta med at vi i liten grad har fått innspel frå organisasjonane som er tilslutta FNF-nettverket, noko som kan tyda på at organisasjonane i for liten grad føler seg påkopla den aktuelle planprosessen – men dette veit vi naturlegvis ikkje sikkert. Likevel; viss dette er tilfelle, så tenkjer me at dette i seg sjølv er ein viktig tilbakemelding til fylkeskommunen for det vidare arbeidet med vassforvaltningsplanen.



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar
sognogfjordane@fnf-nett.no hordaland@fnf-nett.no
organisasjonsnummer 912 265 722 og 918 407 855



Vatn – viktig for folkehelse, dyr og natur

Mange har si tilknytning til naturen nettopp gjennom vatn – anten bevist eller ubevisst. Dette kan vera direkte gjennom fiske eller padling, eller indirekte gjennom friluftsliv der vatnet legg grunnlaget for naturopplevingar.

Det er viktigare enn nokon gong å sikre desse kontaktflatene mellom folk og natur. Når ein har eit forhold til naturen og vatnet, er det lettare å prioritere dette i møte med motstridande interesser – som natur og vatn versus unødvendig utbygging.

Problema oppstår når goda frå reint vatn forsvinn. Når fisket blir borte, forsvinn òg mange av dei som jobbar for miljøet i vassdraga. Forholdet til naturen, som blir bygd opp gjennom livet og særleg i oppveksten, er viktig – ikkje berre for dei som nyt naturen, men òg for naturen sjølv, som då blir høgare prioritert. Den frivillige innsatsen frå NJFF, BirdLife, DNT, Naturvernforbundet, Forbundet Kysten, Norges Speidarforbund, klatremiljøa og mange fleire er avgjerande for å byggje dette forholdet og for å verne naturgrunnlaget som gjer aktivitetane deira mogleg. Aktivitetar som skaper eigarskap og ansvarskjensle for natur og vatn – dette er viktig!

Dessverre er mange av goda frå reint vatn borte eller under sterkt press. Mange stader er det berre historia som står att – fortalt av besteforeldre, som ei soge frå ei svunnen tid. Vi ønskjer å sikre grunnlaget for desse historiene, og vatnet er ein grunnstein i mange av dei.

Utan grunnlaget for frivillige organisasjonar forsvinn òg frivillig innsats og dei goda det gir. Vi ønskjer difor at dei frivillige sine stemmer blir høyrde i større grad, slik at vi får betre føreseielegheit. Ein kan kalle det miljørettferd.

Det handlar om vatn – men òg om så mykje meir.

Medverknad og samspel

Vi har hatt gode møte med fylkeskommunen så langt i prosessen, og ser fram til å bli meir involverte framover, særleg i arbeidet med det kommande tiltaksprogrammet. Ved utforminga av tiltaksprogrammet kan lokalkunnskapen i våre lokallag og nettverk bidra sterkt. Mange er allereie engasjerte i tiltak for å betre miljøtilstanden i vassdraga, mykje av dette skjer på frivillig basis.

Denne innsatsen kan styrkast gjennom betre kommunikasjon mellom vassforvaltninga og det lokale engasjementet. Her kan FNF bidra med å knyte kontakt med lokale aktørar som har idear til prosjekt eller område som kan forbetrast for å nå fleire miljømål. Samarbeid og informasjon om støtteordningar er nyttig for å gjere det lettare å bidra.

Det er òg nyttig å få invitasjonar til samlingar og kurs om relevante tema. Vestland fylkeskommune er flinke til å sikre at slike møte ikkje påfører frivillige organisasjonar kostnader som hindrar deltaking. Dette set vi stor pris på, og vi ønskjer meir av det.

Vi veit at det vil bli arrangert synfaringar og møte i dei ulike vassområda. Desse ønskjer vi i FNF å bli orienterte om, slik at vi kan vurdere om lokalkunnskapen i våre lag kan nyttast. Vi ønskjer at dette blir lagt opp som opne invitasjonar, slik at dei som har tid og ønskje kan bidra.

Vi tar også med at det på side 31 i planprogrammet står at det er «etablert faste møteplassar mellom forvaltninga, sektorstyresmakter, interesseorganisasjonar og bransjar». Vi tenker det er fint om også FNF i større grad kan bli involvert i desse møteplassane.

Regional referansegruppe

Vårt arbeid i referansegruppa vil bli styrka dersom ein lokalt i vassområda koplar seg tettare på frivilligheita, med opne invitasjonar til møte og synfaringar der det er nyttig å ha oss med. Dette kan gjerast gjennom lokale referansegrupper, slik det er skissert i prinsippskissa for organisering av vassområda. Ved slike møte får vi i FNF betre og sikrere tilbakemelding frå våre organisasjonar, noko som styrkjer vårt arbeid i den regionale referansegruppa og kontakten med vassområdekoordinatorane.

Ved å involvere lokale organisasjonar får ein òg eit betre grunnlag for å dokumentere verknadene av gjennomførte tiltak. Her kan vi spele kvarandre gode og få til meir.

FNF Hordaland og Sogn og Fjordane har ikkje vore med i den regionale referansegruppa på lang tid. Vi ønskjer at fylkeskommunen aktivt tek i bruk gruppa i det vidare arbeidet og i neste planperiode. Det bør leggjast ein plan for kor ofte det er hensiktsmessig å møtast.

Restaurering og habitatforbetrande tiltak

Det er positivt at ein planlegg mange gode tiltak. Samstundes er det viktig at slike tiltak ikkje blir brukte som ei slags avlat for å øydeleggje annan natur. Det er ikkje sikkert at restaurert natur blir like god som den som vart øydelagd – særleg ikkje dersom skjøtselen er mangelfull eller lokalitetane ueigna.

Vi er positive til alle forbetrande tiltak, men det er ekstra bra når dei skjer utan at annan natur blir øydelagd.

Utgreiing av betre tilsyn med vassdragsnaturen

Mange naturinngrep blir nesten aldri kontrollerte. Vassdragsutbyggingar har ofte større negative verknader enn det som var føresett. Dette er mellom anna påpeika av NRK:

<https://www.nrk.no/klima/byggeboom-av-norske-sma-vannkraftverk-men-nve-kontrollerer-bare-noen-fa-1.16877598>

Det er krevjande å kontrollere alle vasskraftverk, men det må gjerast betre. Det er avdekt ulovlege demningar, manglande minstevassføring og andre tiltak som forringar vassdragsnaturen meir enn det vart lagt opp til. Dette må ta slutt. Utan inspeksjonar vil ikkje krava bli følgde godt nok. Mange kraftverk slepp for lite vatn i elva – og det seier seg sjølv at dette er negativt for livet i vassdraga. Fisk treng vatn kvar dag.

Planprogrammet nemner problematikken med modifiserte vassførekomstar. Vi håpar det kjem forslag til tiltak som legg opp til betre og meir omfattande tilsynsrutinar. Då kan vi stoppe unødvendig og ulovleg drift som skadar vassmiljøa.

Arealplanlegging

I høringsutkastet for hovudutfordringar under arealplanlegging (side 29) står det:

«I regionale og kommunale planar bør tilstanden i vassførekomstane leggjast til grunn, slik at det ikkje vert etablert akvakultur i område der vill laksefisk er påverka av lakselus frå oppdrett.»

Vi meiner at «bør» bør bytast ut med «må». For når skal tilstanden i ein vassførekomst leggjast til grunn når vatn er involvert? Om noko blir lagt til grunn, så er det ikkje einstyddande at det skal gi veto. Men vi er einige i at ein ikkje skal etablere akvakultur i områder der vill laksefisk er påverka av lakselus frå oppdrett.

Vidare når det gjeld arealplanlegging og arealinngrep, så meiner me at dokumentet om hovudutfordringar også må ta med noko meir kantsonar langs vassdrag. FNF jobbar mykje med arealforvaltning, og det er vår oppfatning at det trengs langt meir fokus på vannressursloven § 11 i den kommunale forvaltninga. Arbeid med reguleringsplanar må i langt større grad ta innover seg krava som ligg i vannressursloven § 11.

Samferdsel er eit eige punkt (side 41–43) i dokumentet som går gjennom hovudutfordringane. Her ynskjer vi å visa til eit konkret eksempel; nemleg bygging av det nye Sotrasambandet. Vårt inntrykk av denne byggeprosessen, er at vassforvaltninga ikkje har vore god nok (m.a. når det gjelder utslepp til vassforekomstar). Kanskje Sotrasambandet i forsetjinga, kan brukast som ei case/eksempel som ein kan ta læring av?

Plast

EU-kommisjonen har foreslått å inkludere mikroplast i tilstandsklassifiseringa. Dei framtidige verknadene av mikroplast i vatn er delvis ukjende, og det kan vere nyttig å ha ein verdi for dette i klassifiseringa. Då kan ein sjå samanhengar over tid og betre dokumentere årsak-verknad, til dømes ved hormonforstyrningar hos fisk som påverkar fertilitet i vassdraga.

Vi ønskjer dette velkomen.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane og Hordaland

Åsmund Nordgulen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

Gunvar Mikkelsen
Koordinator
FNF Hordaland